

TROMS SKOGSELSKAP

ÅRSMELDING 2020



Framsida: Fisktjønna, Fagerlidal 18. oktober 2020.

INNHALD

Troms skogselskap

Styret – administrasjon	5
Årsmøtet.	8
Eigedommane.	12
Melding frå planteskolane.	14
Informasjon – Andre arbeidsoppgåver	21
Fond – legat – rekneskap.	23

Skogbruket i Troms

Skogbruksstyresmakt – funksjonærer	-
Ulike arbeidsoppgaver – tiltak	-
Skogens tilstand og vekst	29
Vêrtilhøva.	29
Skogtilstanden	33
Skogens vekst	34
Skadar på skogen	36
Blomstring – konglesetting	37
Skogsbær - matsopp	39
Vilt – skog	40
Skogkultur	-
Skogsdrifta	-
Driftteknikk	-
Skogsvegbygging	-
Skogfond	-
Skogtaksering	-
Arealforvaltning	-
Rettleiingstiltak – samlingar	-
Tilskott 2018	-

Tabeller I – XIII

-

Vedlegg

46

1. Historisk tilbakeblikk på skog og skogbruk i Harstad/Sør-Troms, Leif Evje.
2. Planteskolen – plantesal 2001-2010 og 2011 – 2020.
3. Skriv av 5. aug. 2020 fra professor Halvor Solheim, NIBIO – en kort orientering om prosjektet som innebar innsamling av barkbiller blant anna i Troms.

TROMS SKOGSELSKAP

2020

STYRET

Etter årsmøtet har styret denne samansettinga:

1. Geir Kvammen, Målselv, leiar,	vald av årsmøtet	2018 – leiar
2. Leif Evje. Kvæfjord, nestleiar	« « «	2019 - nestleiar
3. Ingrid Krogstad, Sørreisa,	« « «	2020
4. Geir Inge Sivertsen, Lenvik	« « «	2019
5. Mette Kinderås, Harstad	« « «	2019

Varamedlemmer (vald samtidig med styremedlem med same nummer).

1. Svein Georg Hove, Finnsnes
2. Inge Fredheim, Sjøvegan
3. Ingunn Irene Rivertz Vatne, Lyngen
4. John Karlsen, Nordreisa
5. Elisabeth Torstad, Lyngen

Arbeid i styret

Styremøte

Styret har hatt 2 møte, baa som telefonmøte, med i alt 14 protokollførte saker.

Av saker nemnast:

Administrative

- Rekneskap og budsjett
- Om arbeidet gjennom året
- Årsmeldingane

Fagerlidal - Sentralskytebanen – tilleggsavtale om bruk av banen under elgjakta.

Brandsegg 85/7 – Førespurnad om leige av fiskerett.

Leirbekkmoen - Avtale om sikringstiltak i Leirbekken.

Om arbeid i «koronaåret».

Året vart prega av «koronaen» med følgande nedstenging av landet. Dette la klare føringar for mykje av det arbeidet som skulle gjerast. Ikkje minst gjekk det utover møte og aktivitetar som føresette at folk skulle samlast. Leiaren og sekretæren har tatt dei sakene som er innanfor fullmaktene.

Mykje tid gjekk med til å få oppdatert styra i fonda og styreendringar i TS hos Brønnøysundregistra. Bankane sine tiltak i kampen mot svindel og svart økonomi var ein tidkrevjande prosess før skogselskapet hadde sitt i orden. Det var ikkje like lett vint med alle dei ulike kontaktpersonane vi hadde med å gjere.

Frist for rekneskapen med meir blei utsatt.

Arena utmark

Dette prosjektet har pågått i fleire år. Opprinneleg botna det i skogselskapet sin kamp for å halde skog- og utmarksforvaltning i Målselv. Etter kvart er skogselskapet halde utanfor, og har ikkje lykkast med å få vite kva som gjekk føre seg, unntatt spreidde rykte. Dette endra seg utpå haustparten i fjor, og skogselskapet fekk førespurnad om det var kontorplassar ledige i Skogbrukets hus.

Kontorplassar i Skogbrukets hus

I dag

I skogbrukets hus sit det tilsette hos Fylkesmannen frå skog, plan og reindrift; tilsette innafør skogbruk i Målselv kommune og Troms skogselskap med Bardufoss planteskole, i alt 13 personar.

Behov Arena utmark

Arena utmark la i møtet 20. november 2019 fram ei oversikt med behov for kontor for 25 personar. Av desse er 8 tilsette hos Fylkesmannen Dei er allereie i Skogbrukets hus. Inkludert er òg 6 stillingar som enno ikkje er oppretta. Det er 4 i eit regionalt plankontor og 2 regionale stillingar innan reindrift.

Dei 11 som da trengtes etter «Utmark arena» sit oppset, var Statskog 8, Fjelltenesta 2 og Naturparkforvaltar 1.

Ledig kontorareal

I Skogbrukets hus er det rom for 11 kontorplassar i delar av dei gamle tannlegekontora. For øvrig er det ledig 10 – 15 kontor, alt etter innreing.

Arena Utmark er også kjent med at det finnes tegninger med planer om utbygging både i nord (1993) og sørenden av bygget (1993)

På slutten av fjoråret fekk vi så vite at «Ingeniøren» som vurderte aktuell bygg for Arena utmark, konkluderte med at Skogbrukets hus var best eigna.

Arbeid gjennom året 2020

På eit møte med ingeniøren i januar gjorde vi det klart at skogselskapet var særst positiv til utleige. Leiaren og sekretæren hadde hatt eit møte med ordføraren fjortan dagar før dette. Ordføraren, som var ny, hadde nyss vore på møte i Arena utmark. Dei stod no foran avslutting, og Skogbrukets hus var eit av to aktuelle løysingar.

Det kom seinare fram at dei to bygga det stod mellom, var Skogbrukets hus og Domusbygget på Andselv. Skogbrukets hus var imidlertid ikkje sentralt nok. (Her snakkar vi om Andselv). Skogselskapet ba ordføraren om eit møte.

30. april vart det møte med ordføraren. Han orienterte om at det no var to alternativ. Desse var Skogbrukets hus, eller bygging av eit kontorkompleks på Andselv. Han trakk fram

kommunens eigendom i Andselv sentrum som ein aktuelt stad for etablering av eit slikt bygg. Frå skogselskapet meinte vi at etablering av et slik bygg i lys av at Skogbrukets hus ligger i området, er unødvendig bruk av midler.

Ordføraren orienterte òg om at prosjektet var meir omfattande enn det vi visste. Det betydde at det var snakk om ca 40 kontorplassar. Etter spørsmål om kven eller kva dette var, ville eller kunne han ikkje seie noko om det. Det haldepunktet han hadde var eit oppsett skriv som er referert til i eit tidlegare møte (ca. 25 arb. plassar).

Måselv kommune bad om eit møte med styret i Troms skogselskap. På møtedagen, 22., var det berre ordføraren som kom frå kommunen. Frå skogselskapet møtte leiar og sekretær.

Ordføraren opna med å seie at det no var Asplan-virak ved Tor Sundheim som følgde opp saka med Arena utmark. (Så vidt vi veit har han vore engasjert i fleire år med dette, TS merknad).

Skogselskapet orienterte om sine planar for framtida. Selskapet sleit med planteskolen og eit halvtomt Skogbrukets hus. Vi informerte òg om at skogselskapet ønska å utvikle Skogbrukets hus til å vere ein kunnskapsbase for skogbruket i fylket.

Vi poengterte at planteskolen hadde produksjonslokale, lager og verkstad i kjellaretasjen i Skogbrukets hus. Det er uaktuelt for skogselskapet å flytte fra Skogbrukets hus.

Arbeidet med prosjekter i ulike utgaver har nå pågått i mange år. Saka er tydeleg vanskeleg for nokon, men lite får vi vite. Dersom ein aktørs særinteresser skal vere med å splitte opp skogbruksmiljøet, og kan hende bidra til nedbygging, vil det vere sers uheldig.

ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Administrasjon

Terje Dahl er selskapets sekretær. Konsulent Anne-Sofie Jakobsen har heil stilling hos Fylkesmannen. Ho har vore leigd inn for å ta seg av rekneskapen.

Bardufoss planteskole

Magne Ove Holmebukt og Frank Kjellmo utfører òg arbeid for skogselskapet. Frank Kjellmo vart permitert frå 23. desember.

Reinhold

Reinholdet i Skogbrukets hus vert utført av Toma ved deira avdelingskontor på Finnsnes.

Revisor

Revisjonsfirmaet Helberg og Øverås A/S er skogselskapets revisor.

ÅRSMØTET 2020

Årsmøtet i år var 24. september på Røkenes gård i Harstad. Både innkalling, opplegg og frammøte bar tydeleg preg av koronasituasjonen. I alt var vi ni frammøtt.

Ved oppmøtet var det kaffe og kaker, før vi kørde til Sjøvollia like ved Ervik planteskole.

I tillegg til «Førar» for årsmøtet var det laga eit hefte om «Skogbruk i Troms – Sørfylket» (55 sider).



Skogdagen 24. september 2020. Feltforsøk 720 i granplanting frå 1910. Ståande masse 2020 ca. 55 m³. Frå venstre Nis Nymo, Kristian Karlsen Sverre Kulseng, Mette Kinderås, Severin Øverli, Leif Evje og Geir Kvammen.

Skogutferda

Vi starta ved ungdomslaget Brage sitt granfelt. I skogselskapets årsmelding for 1910 kan ein lese:

«For 3 aar siden avholdtes et 1 dags plantekurs ved Erviks ungdomslag i Trondenes. Der blev da saaet nogle senge, ligesom ungdomslaget fik overladt et jordstykke, som da blev beplantet. Dette besaaes iaar og det var en fornøielse at se, hvor godt mesteparten av de utplantede planter stod.»

Seinare vart det lagt ut eit fredsskogfelt her.

Forsøksfelt - produksjon/tynning.

I den eldste delen av plantefeltet la skogforskinga ut eit langsiktig produksjonsfelt i 1933, feltet har 1 rute. Dette var det første produksjonsfeltet i gran i Troms. Feltet vart revidert i 1958.

I 1962 vart det òg lagt ut eit produksjonsfelt i den yngre delen av plantefeltet. Dette har to ruter; R1 med middels sterk tynning, og R2 med sterk tynning. Høgde over havet er 50 m.

Forsøksaktivitetar er oppgjevne å vere: produksjon(m³/ha), diametertilvekst, høydetilvekst, tynningsgrad, tynningstidspunkt, tynningsmetode, naturlig tynning, diameter fordeling, stabilitet.

Etter 1962 er felta reviderte 8 gongar, sist i 2014.



Flate 726 , rute 1 – middels sterk tynning. Stående masse 2020 ca. 60 m³/da.

Tal frå Skogforskinga (NIBIO)

Flate	Rute	Revisjons år	Alder år	Middel høgde m	Antal tre	Stående masse m ³	Total produksjon m ³	Årleg laupande tilvekst m ³	Middel-tilvekst m ³
720	-	1977	70	15,9	91	31,9	52,5	1,04	0,75
		1997	90	19,2	54	31,9	68,8	0,57	0,76
		2014	107	22,4	54	49	85,9	0,94	0,86
726	R1	1991	67	15,0	157	33,8	41,2	1,10	0,61
		2014	91	19,9	154	59,8	67,9	1,10	0,75
	R2	1991	67	15,3	61	17,1	34,7	0,91	0,52
		2014	91	20,4	59	35,3	53,4	0,79	0,59

Revisjonsåret 2014 står det i den eldste plantinga 49 m³ pr. da, og gjennomsnittstreet er 0,91m³ (utrekna)

I det yngste feltet (flate 726) med 2 tynningsstyrker står det same året:

Rute 1 – middels sterk tynning - 59,8 m³/ da, og gj.sn. treet er 0,4 m³

« 2 – sterk tynning - 35,3 m³/da, og gj.sn. treet er 0,6 m³.

Eit godt døme på korleis tynningsstyrke verkar på produksjon, storleiken på trea, når trea er hogstmogne. Kvalitet kan og styrast ved tynning.

Den årlege tilveksten er rundt ein kubikkmeter, litt mindre i den hardast tynna flata (R2). Denne tilveksten kjem dels på skurtømmer, men og på delar av treet som veks seg inn i skurtømmersortimentet.

Det er dårleg forvaltning og økonomi å hogge granfelt i god vekst, derav fleire med tiltakande andel skurtømmer, til massevirke.

Historisk tilbakeblikk på skog og skogbruk i Harstad og Sør-Troms.

Nestleiar i skogselskapet, Leif Evje, skogbrukssjef i Sør-Troms 1980 – 2017, tok eit streiftog gjennom skoghistoria i sørfylket frå dei første plantingane i dette feltet og fram til i dag. Innlegget er tatt med i vedlegg 1 bak i denne årsmeldinga.

Etter dette kørde vi opp i Tennevassåsen til eit sagbruk som helst vil ha mest mogleg tømmer frå nærområda.

Sæteråsen sag AS



Frå Sæteråsen Sag & Høvleri AS. Torgeir Hjalte inst til venstre.

Sæteråsen sag AS

Sæteråsen Sag & Høvleri AS har vore i drift sidan 1992 og har i dag 2 eigarar Arild Kulseng-Hansen og Torgeir Hjalte.

Bedrifta har i dag trelasttørke, lagerbygg og høvel. Våren 2009 kjøpte dei opp varelageret og overtok kundane til Sibirsk Lerketre AS.

Dei henter det dei kan av råstoff i nærområdet, men det meste av trevyrke kjem frå Saltdalen/Steigen og Indre Troms. Vona er at dei framover kan få meir vyrke lokalt.

Vi gjekk ein runde gjennom bedrifta, og Torgeir Hjalte fortalde om arbeidsopplegg, etterspurnad og sal.

Årsmøtet

Attende på Røkenes var det kaffe før årsmøtet tok til.

Leiaren ønska velkomen, og etter konstituering heldt han fram med det faste innslaget

«Leiarens 5 minutt»:

Korona med følgande nedstenging av landet la klare føringar for mykje av det arbeidet som skulle gjerast i år. Det gjekk særlig ut over møte og aktivitar der føresetnaden var at folk skulle samlast.

Mykje tid gjekk med til å få oppdatert styra i fond og styreendringar i TS hos Brønnøysundregistra. Informasjon frå skogselskapet til bankane i deira kampen mot svindel og svart økonomi, var òg ein tidkrevjande prosess for Skogselskapet.

Arena Utmark - Skogbrukets hus

Prosjektet har pågått mange år, men det skal no nærme seg ei avslutting.

Byggingeniøren som har vore hyra inn av Arena Utmark, har vurdert nokre aktuelle bygg og enda opp med at Skogbrukets hus var best eigna.

Planteskolen.

Bardufoss planteskole slit med dårleg sal av plantar. I 2019 var plantesalet 320 000 plantar. Kravet om at pottebretta skal vere heilt fulle med plantar, er veldig krevjande for planteskolen. Omstilling av plantar rammar planteskolen si drift hard og bidreg til eit betydeleg underskot. Tidlegare leverte vi, utan nokre innvendingar, ut plantar der gjennomsnittleg antal i bretta var berekna. Plantane vert før utplanting likevel flytta over frå pottebrett til plantebelte.

Landbruksmessa.

Vi deltok som vanleg på landbruksmessa i Balsfjord. Mosjøen videregående skole deltok med hogstsimulatorar. Eit nyttig innslag.

Tømmersal

Tømmeret etter vindfallhogsten vart levert i år. Totalt kvantum var på 370 m³.

Informasjon

På årsmøtet i fjor var informasjon utad tatt opp. I desember var dette hovudsaka i eit styremøte. Det er særønskeleg med større aktivitet på dette feltet. Det er opent for alle som er interessert å bidra her

Årsmeldinga

Sekretæren gjekk gjennom årsmeldinga for 2019.

Årsmeldinga godkjent.

Rekneskapen

Leiaren gjekk gjennom rekneskapen.

Kristian Karlsen, som i 2019 var ferieavløysar for utkøyring av plantar, kommenterte den unødvendige sortering og omstilling av plantar mm.

Sekretæren las frå revisjonsberetninga.

Rekneskapen godkjent.

Val

Leiaren av valnemnda, Sverre Kulseng, la fram nemnda si innstilling:

Styremedlem med vara:

Ingrid Krogstad med vara Ingunn Irene Rivert Vatne – attvald.

Leiar for 1 år:

Geir Kvammen

Nestleiar for 1 år:

Leif Evje

Revisor:

Helberg og Øverås AS

Medlem i valnemna:

Kristian Karlsen, Storjorda, Målselv

Frå før: Alf-Rune Hoff, Salangen, Elisabeth Torstad, Lyngen.

Arbeidsoppgåver framover

Arbeidsoppgåvene er stort sett som før.

Av saker som vart drøfta, nemnast: Kontakt med skolar/klassar, Facebook, kan vere nyttig, ut i media, infokonsulent DnS – sentralt materiell.

Kristian Karlsen om oppgåver i TS og dei som står på.

Årsmøtet vart avslutta med middag.

Eigedommar

Fagerlidal 54/13

- Sentralskytebanen. Forsvarsbygg har tatt ned skivevollane , rydda opp og planert ved 600-mteren.
- Sikringshogst langs dei to 132 kV kraftlinene som går over skogselskapets eigedom frå gamle E6 til Andselva. Ryddetraséen måtte utvidast, og nokre høge granar utanfor denne måtte òg takast. Først vart det rydda langs den nordlegaste lina, etter planane skal den sørlegaste flyttast, men kraftig vind natt til den 24. september velta fleire tre over den sørlegast, berre så gnistfokket stod, og traséen måtte utvidast også her. I alt vart det hogd 150 m³.

- Rydding. Etter den sterke vinden 23. september måtte vi òg rydde ein del vindfall/rotvelter i lia bak Andselv.



Tømmeret frå vindfallshogsten etter «YLVA» sist i november 2017 vart køyrd ut i år. John Myre henter furutømmer ved Andsvatnet 16. juni.

Skogbrukets hus

Vedlikehald/utskifting av luftlyrer på taket av Skogbrukets hus



Takarbeid - Skogbrukets hus 3. september 2021.

Leirbekkmo, 7/5

- Leiting etter skjellsteinar til utskilt tomt rundt våningshus etter eigarskifte.
- Sikringstiltak ved Leirbekken. Leirbekken renner i søraustgrensa til skogselskapet sin eigedom 7/5. Det er mykje kvikkleire i området ved Leirbekkmoen, og det er planlagt sikringstiltak i området. NVE har utarbeidd tiltaksplan, dagsett 23.10.2020. Avtale om sikringstiltak underskriven 27.11. 2020.

Brandsegg

- Synfaring og oppmåling etter grenseoverskridande hogst i eldre granfelt.

MELDING FRÅ PLANTESKOLANE 2020.

Bardufoss planteskole

Styret

Styret har hatt eitt møte der dei handsama rekneskap, budsjett, drifta i planteskolen og planteprisar.

Skogselskapet slit med å halde planteskolen i gang.

Plantesalet for åra 2001 – 2010 og 2011 – 2020 er tatt med i vedlegg 2 bak i årsmeldinga..



Planteskolen 15. april – snødjupne 140 cm.

Snørydding – oppsett av veksthusa.

Året var snørikt, mykje snørydding, sein vår

Ein mild start på året med nedbør dei fleste dagane, av og til som regn. 14. januar var snødjupna 75 – 80 cm medrekna eit islag på rundt 10 cm. Nest siste veka av månaden snødde det kvar dag, snødjupna vart over meteren. Utan påfyll sokk snøen i hop, og den 30. var det 83 cm på vêrstasjonen på flyplassen og 95 cm, + islag, på planteskolen (foto).

Det vart ein snørik vinter. 21. mars var det 117 cm på flyplassen. 30. mars var snødjupa her minka til 79 cm.

På planteskolen målte vi 145 cm 2.april. Det heldt fram med mildvêr og snø, og 15. april var snødjupna i planteskolen 140 cm. Det tina mest ikkje..

Gjennom vinteren kom nedbøren òg som regn, men snømengda var heile tida så stor at vatnet ikkje trakk gjennom. Ikkje berre var snøvolumet stort, men det var òg tungt.

For å få unna snøen, leigde vi inn hjelp, og 20. april var to hjullastarar i sving med snøryddinga. Det gjekk unna.



Planteskolen 20. april 2020. Kjetil Nordli og son i full brøyting,



Planteskolen 20. april 2020

Ikkje berre var snødjupna stor, men snøen var òg godt pakka. - Magne Ove Holmbukt

Vidare snørydding med traktor og spade gjorde at vi den 6. mai hadde hus 3 ferdig oppsett. Pottebretta med nysåing var klar for oppvatning 8. mai. Men med mange kuldegradar i pottebretthøgde om natta, overskya dagar der gradestokken knapt kom over fem varmegradar, og snødekt mark rundt huset, utsette vi oppvatninga ei dryg veke.

Snømengda minka særst sakte. Vi heldt fram med sandstrøing og snørydding. 19. mai leigde vi ein liten snøfresar for å kome ut til sidene i hus 9 som skulle opp for nysådde pottebrett. Snødjupna i huset var da 80 – 85 cm. På urørt snøflate var snødjupna 95 cm.

Hus 9 var oppe 26. mai. Snødjupna på urøyrd snøflate var da kome ned i 35 cm. 28. vart det sett inn M95 pottebrett med gran P1.

Hus 8 med eitårge plantar var oppe 4. juni.

Snøfritt på urøyrd mark 5. juni

Planteskolen - vårarbeid 2020 (overskrift)



Sandstrøing – hjelper godt på tininga 3. mai.



Snøfresar for å kome ut til sidene 29. mai – ved spakane Frank Kjellmo

Såing

Såinga i Skogbrukets hus tok til tok til 3. mars og var stort sett unnagjord til påske. Dei nysådde pottebretta vart sett i hus 3 og 9, sjå ovanfor.

Desse treslag og proveniensar vart sådde i dei 9 750 pottebretta:

Treslag	Antal-brett	Plante-type	Proveniens	Frøparti	Frøforbruk kg
Gran	6000	M-95	P1	4140	-
	2000	M-60	«	«	7,2
	400	M-95	P2	4156	0,788
Furu	500	M-95	X1 Målselv	F12-005	0,234
	200	M-95	Z1	4942	0,217
	150	M-95	Æ1	F07-010	0,098
	500	M-95	Ø1	F14-009	0,681
	9750				

Furuplantar

Furuplantar vil vi helst dyrke fram i ein sesong, men det kan halde hardt å få dei store nok til haustplanting same året eller vårplanting året etter. Sein vår, som i år, og dårleg vekstsommar spelar inn. I år prøvde vi å sette 100 pottebrett med furu til spiring midt i juli for å sjå om kvaliteten ville bli tilfredsstillande til ettersommaren neste år.

Plantesal

Plantesesongen kom seint i gang. Første lasset med 35 000 granplantar vart levert til Målselv 22. juni. Siste plantane dette året - 8000 gran og 3000 furu - vart køyrd til Bardu den 26. august.

Planteskolen hadde for få plantar til å dekke etterspurnaden i den travlaste plantesesongen. Dei siste åra har nokre kommunar i Troms kjøpt plantar frå Alstadhaug. I år hadde dei ikkje nokre å selje. Sikrast for planteforsyninga er å basere seg på plantar frå Troms, slik at planteskolen veit kva som trengst i fylket.

28 400 plantar, (8 900 gran og 19 500 furu) vart sende til Finnmark

Dei 3 kommunane som fekk mest plantar i Troms var (avrunda): Målselv 60%, Balsfjord 17% og Bardu 12.

Skilje mellom vår- og haustplanting set vi ved utsende planter innan 15. juli. I år vart det halvt om halvt – (48,3 % til vårplanting).

Treslag	Proveniens	Vårplanting	Hautplanting	I alt
Gran	P1 – M95	119 300	142 400	261 700
	P1 – M60	35 500	23 800	59 300
	P2	-	3 000	3 000
		154 800	169 200	324 000
Furu	X1	5 500	29 600	35 100
	X2	-	-	-
	Z1	3 400	2 600	6 000
	Ø1	24 500	-	24 500
		33 400	32 200	65 600
I alt		188 200	191 400	389 600

All gran P1 er av frøparti 4189, P2 er 4156. Furu: X1 (Målselv) F12-005, Z1 4942, Ø1 (Alta) F14-009.

Plantebeholdning hausten 2020 (i 1 000)

Treslag	Prov./Potttbrett	1 år	2 år	3 år	Sum
Gran	P-1 M95	384	193		577
"	P-1 M60	106	75	-	181
"	P-2 M95	17	20		37
Furu	X-1 M95	35			35
«	Z-1 M95	10			10
«	Æ1	6			6
«	Ø-1 M95	31			31
Fjelledelgran	Can/10 BC, M60			1	1
<u>Sibirsk lerk</u>	FPL/7 (Nord Finland)	(få)			
I alt					878

Skadar

Ingen skadar med unntak av flekkvis dårleg spiring og vekst i nysåing av gran. Dette kom truleg av litt vatningsproblem.

Vekst og vekstavslutting (2020)

Mykje snø og sein vår korta inn vekstsesongen både for plantane i veksthus og dei på friland. Dei to husa med nysåing vart vatna opp siste del av mai, og frilandsplantane var dekte av snø heile mai.


Juni vart ein god vekstmånad. På 18 av dagane i denne månaden vart det registrert 17 gradar eller meir på Bardufoss flyplass. Månaden var 2 gradar varmare enn normalt og nedbørsmengda under det halve.

I siste halvdel av juli var det 12 dagar med over 20°, og dette godvêret (visstnok frå Sibir) heldt seg utover augusten. Første frostnatta på Bardufoss flyplas (2 meter over bakken) var natt til 31. med -0,5 grader. Dei to neste var den 13. september med -1,0, og den 23. med -0,5. I alt ein middels vekstsesong med god avmodning av plantane.

Svak vekst – for lite nitrogen.

Dei eittårige granplantane i hus nr. 7 fekk ikkje strekt seg skikkeleg, og vart dermed i minste laget for haustplanting. Etter baranalysen i haust skyldast dette i hovudsak nitrogenmangel. Om dette skreiv forskar Inger Sundheim Fløistad, NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) 27/11:

«Nitrogen-verdiene er svært lave, ellers er det fine verdier. Dere kan med fordel øke bruken av Calsinitt, det vil antagelig også ha positiv effekt på veksten på plantene.»



Tynning frøplantar - Wojciech Mazurek og Joanna Czop .

Arbeidskraft

I tillegg til dei faste arbeidarane, hadde vi 2 polakkar frå 8. juni til 23. september. Ein av desse var her året før. 3 skoleungdommar arbeidde i til saman 8 veker.

Dessutan var det nokre skoleungdom i arbeid i ???

Dei polske arbeidarane er leigd gjennom Landbruk Nord. Koronareglane med karantene vart ivaretatt.

Øydelagte veksthusdukar

Det bles mykje ved haustjamndøgn. Kraftigast var vinden den 22. – 23. september. Da var han opp i 12 m/s iflg, vêrtenesta på flyplassen. Veksthusdukane var oppe, og nokre av desse måtte gje tapt i vindkasta. (7stk.) 4 gamle som skulle skiftast uansett.

Haust

Førjulsvinteren var snøfattig. Frå siste halvdel av november og ut året vart snøen liggande. Snødjupna på flyplassen var 15 – 18 cm i heile desember. Plantane i planteskolen var heilt dekt av eit lite snølag ut året.

Ervik planteskole

Utleige. I driftsbygninga er det to leigetakarar. Den eine leiger til lagerlokale, og den andre driv med veteranbilar. Våningshuset er leigd ut på korttidskontrakt til same leigetakar som i fjor.

25 dekar dyrka mark av det tidlegare planteskolearealt er leigd ut på 10-års kontrakt.

INFORMASJON – ANDRE ARBEIDSOPPGÅVER

Skogdagar

Skogdagen i tilknytting til årsmøtet er open for alle.

Skogleikane

«Skoglekene er en konkurranse for landets 5. klassinger. De innledende rundene foregår i skolens nærskog, der oppgavene handler om nærskogen og artene som lever der, og hvilken betydning skogen har for mennesket. Elevarbeidene sendes inn til bedømming, og de beste vil komme til en nasjonal finale.» (SKI, sjå TS 2019).

Skogleikane vart i år påverka av koronaen, og det ga seg utslag i deltaking og oppfølging både lokalt og nasjonalt.

Skogbrukets Kursinstitutt skriv følgande om finalen i skogleikane 2020:

«Skoglekene ble gjennomført for fjerde gang på landsbasis i 2020. Det var 171 skoler som meldte seg på, og 14 skoler som kom til finalen. På grunn av Covid-19 pandemien ble finalen flyttet til 23. september. Noen skoler fikk likevel reiseforbud til finalen, og til slutt var det 9 skoler som deltok i finalen.»

Frå Troms fekk Øvre Bardu skole finaleplass. Dei var ikkje blant dei ni som stilte i finalen.

Hjelp til skogforskning i nord.

Troms skogselskap arbeidar, saman med det øvrige skogbruket i Troms, for mest mogleg skogforskning i fylket. Eit av dei tiltak vi rår over, er å stille opp når forskinga har bede om hjelp eller støtte til praktiske opplegg og prosjekt i fylket. Enkle oppgåver som lettast utførast av fagpersonar som arbeidar i fylket. Ein høvesvis liten medverknad frå oss, fører til kontakt med skogforskinga og til fagleg utbytte. Og, ikkje minst viktig for oss, skogen og skogbiologien i fylket vert omhanla i dei vitenskaplege publikasjonane som det oftast munner uti.

Det har vore mange slike opplegg i fylket. Vi tar med eit frå dei seinare åra som omhandlar blåvedsopp og som òg dreg med seg kunnskap om førkomsten av barkbillar.

Barkbillar og blåvedsopp

Prosjekt går ut på å undersøke blåvedsoppar i tilknytting til barkbillar.

Professor Halvor Solheim ved NIBIO leiar prosjektet som har det engelske namnet «*Ophiostomatoid fungi in Norway*».

Troms skogselskap saman med skogetaten i Troms hjelpte til med fangsttre og innsamling av insekt, sjå TS 2015, s. 19 og 39, og TS 2016, s. 23 og 38).

Forskarane har arbeidd med materialet til no, og det er enno meir å få ut av det. Professor Halvor Solheim, har i skriv av 5. august 2020. til Fylkesmannen gjeve ein liten rapport om stoda i prosjektet, og han er taksam for hjelpa han har fått. Skrivet frå Solheim har vi tatt med som vedlegg 3. til årsmeldinga. Her får vi òg eit lite innblikk i blåvedsoppene sin økologi. Prosjektet held fram.

RESULTATREGNSKAP 2020

	2020	2019
DRIFTSINNTEKTER:		
Husleier Skogbr.hus/boliger, Andselv	-1 246 302 1)	-1 303 565
Medlemskontingent	0	0
Diverse inntekter	-92 783	-163 000
Sum driftsinntekter	<u>-1 339 085</u>	<u>-1 466 565</u>
DRIFTSUTGIFTER:		
Diverse driftskostnader	851 205	896 130
Lønnskostn., sos.utg. m.m.	2) 251 659	235 707
Kontorhold, administrasjon	38 171	45 480
Avskrivninger/avsetninger	26 942	0
Skogdager, informasjon, årsmelding	33 423	23 433
Skatt	8) 20 026	19 885
Sum driftsutgifter	<u>1 221 426</u>	<u>1 220 635</u>
Driftsresultat	<u>-117 659</u>	<u>-245 930</u>
FINANSINNT./KOSTN.:		
Renteinntekter	-7 888	-2 027
TS - renteutgifter/gebyr	65 666 2)	66 927
Bardufoss pl.sk. - renteutg./gebyr	42 122	35 596
Ervik pl.sk. - renteutg./gebyr	409	366
Netto finansinntekt	<u>100 310</u>	<u>100 862</u>
EKSTRAORDINÆRE INNT./KOSTN.		
Tomteleie, festeavg.	-31 983	-35 534
Ekstraordinære inntekter (bl.a. rentem.)	0	0
Aksjer/verdipapirer	-131 775	-180 117
Tap på salg/husleie	0	0
Medl.kont. m.m. overf. grunnfond	0	0
Netto ekstraordinære innt./kostn.	<u>-163 758</u>	<u>-215 651</u>
BARDUFOSS PLANTESKOLE:		
Driftsinntekter	-1 553 233	-1 233 230
Kontorhold, adm.	41 137	61 247
Årsmelding, informasjon	5 786	24 031
Driftsutgifter	1 001 006	915 511
Lønnskostnader, sos.utg. m.m.	2) 977 761	882 098
Andre kostnader		
Avskrivninger/avsetninger	20 155	14 470
Netto årsresultat	*) <u>492 613</u>	<u>664 127</u>
ERVIK PLANTESKOLE		
Husleieinntekter/andre innt.	-131 450	-125 660
Kontorhold, adm.	3 579	3 619
Administrasjon	2) 7 709	7 222
Årsmelding, informasjon	895	3 750
Driftsutgifter	110 849	102 127
Avskrivninger	0	0
Skatt	8) 2 269	2 271
Netto årsresultat	<u>-6 149</u>	<u>-6 671</u>
Årsresultat	<u>305 357</u>	<u>296 737</u>

1) Leie av kjelleretasjen i Skogbrukets hus er ikke tatt med her.

2) Blant anna renteutgifter lån Skogbrukets hus.

BALANSE PR. 31.12.2020

		2020	%	2019	%
EIENDELER:					
Omløpsmidler:					
Kassa		14 291		10 339	
DnB		957 041		927 476	
Bank		1 350 026	9)	658 800	
Aksjer/verdipapirer		4 524 863	10)	5 853 913	
Mva til gode		53 047		0	
Debitorer		235 969		87 625	
Sum omløpsmidler		<u>7 135 237</u>	52	<u>7 538 153</u>	54
Anleggsmidler:					
Fagerlidal gård og skog	10 000				
Brandsegg	8 000				
Leirbekkmo	5 000				
Norum	5 000				
Samfunnstomta	2 000				
Jørnstubakken	500				
Ervik jord og skog	50 000	80 500	3)	80 500	
Hybelbygg	70 000				
Skogly	190 000				
Bergan	411 000				
Skogbrukets hus	5 161 763	5 832 763	3)	5 832 763	
Bardufoss planteskole:					
Bygninger	5 000				
Plastveksthus	30 000	35 000	3)	35 000	
Ervik planteskole:					
Bygninger	135 000	135 000	3)	135 000	
Inventar og redskap:					
Troms skogselskap					
Maskiner og redskap	500				
Inventar, småredskap, fotoutstyr	63 698	64 198	3)	1 000	
Bardufoss planteskole:					
Maskiner og redskap	166 075				
Inventar/kontorutstyr	34 859	200 934	3)	240 955	
Ervik planteskole:					
Maskiner og redskap	1 000				
Inventar	1 000	2 000	3)	2 000	
Andeler	36 025		4)		
Andel "Furuhaugen"	120 000				
Skogfond	18 727	174 752		174 752	
Sum anleggsmidler		<u>6 525 147</u>	48	<u>6 501 970</u>	46
Sum eiendeler		<u>13 660 384</u>	100	<u>14 040 123</u>	100

GJELD OG EGENKAPITAL:	2020	%	2019	%
Kortsiktig gjeld:				
M.v.a.	0		81 932	
Skyldig lønn/feriepenger	109 094		102 377	
Skyldig skattetrekk	36 317		25 145	
Skyldig arb.giveravg.	19 686		14 768	
Kreditorer mm.	430 386		330 780	
Skyldig skatt utleie	128 8)		1 603 8)	
Sum kortsiktig gjeld	595 612	4	556 605	4
Langsiktig gjeld:				
Lån Sparebank1 N-N	1 283 369 11)	9	1 396 757	
Sum langsiktig gjeld	1 283 369		1 396 757	
Sum gjeld	1 878 981		1 953 362	
Avsetninger:				
Avsetn.FoU	0	0	0	
Renovasjon skogbrukets hus	0	0	0	
Avsetn. tidl. år	7 700 000			
Sum avsetninger	7 700 000	7) 56	7 700 000	7) 55
Egenkapital:				
Grunnfondet	110 236	5)	110 236	5)
Fri egenkapital	3 971 168	6)	4 276 524	6)
Sum egenkapital	4 081 404	30	4 386 760	31
Sum gjeld og egenkapital	13 660 384	100	14 040 122	90

Andselv 31.12.2020
30.06.2021

Geir Kvammen
leder

Leif Evje

Geir Inge Sivertsen

Mette Kinderås

Ingrid Krogstad

Revisorene Helberg & Øverås AS
revisor

Terje Dahl
sekretær

Anne-Sofie Jakobsen

NOTER TIL REGNSKAPET

NOTE 1: REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Salgsinntekter

Inntektsføring skjer på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi dersom verdifallet ikke forventes å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke forventet tap.

Varebeholdning

Lager av innkjøpte varer er verdsatt til laveste av anskaffelseskost etter FIFO-prinsippet og virkelig verdi.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets levetid dersom de har levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15.000. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 28 % på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessig og skattemessige verdier, samt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reverseres i samme periode, er utlignet og nettoført.

NOTE 2: LØNN

Bokført lønnskostnad består av følgende:

	2020
Lønninger	kr 868 662
Arbeidsgiveravgift	kr 43 882
Påløpne feriepenger	Kr 115 191
Arb.g.avg. påløpne feriepenger	kr 5 875
Andre ytelser	kr 297 186
Ref lønn/arb.g.avg/kjøring	kr (93 666)
Sum	<u>kr 1 237 129</u>

Gjennomsnittlig antall ansatte: 3

Godtgjørelser/lønn til ledende personer:

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar utgjør kr 51 923,- (oppgjør for 2019 og forskott for 2020)

NOTE 3: VARIGE DRIFTSMIDLER

	Bygninger/ eiendommer	Driftsløsøre	Sum
	kr	kr	kr
Bokført verdi 01.01.	6 083 263	243 955	6 327 218
Tilgang i året	0	70 275	70 275
Avgang i året	0	0	0
Verdi før avskrivning 31.12	6 083 263	314 230	6 397 493
Årets avskrivninger	0	47 097	47 097
Bokført verdi 31.12	6 083 263	267 133	6 350 396

NOTE 4: AKSJER OG ANDELER I ANDRE FORETAK

Troms skogselskap har pr. 31.12.20 følgende andeler:

	Kostpris
Skogbrukets kurscenter	kr 36 000
Andsvassområdets grunneierlag	kr 25
Sum	kr 36 025

NOTE 5: INNSKUTT EGENKAPITAL

	Saldo 2020	Tilgang 2020	2019
Grunnfondet	kr 110 236	kr -	kr 110 236

NOTE 6: ANNEN EGENKAPITAL

	Annen EK	Sum
Egenkapital 01.01.	kr 4 276 525	kr 4 276 525
Årsresultat	kr (305 357)	kr (305 357)
Avsetninger tidligere år tilbakeført egenkapital	kr -	kr -
Egenkapital 31.12.	kr 3 971 168	kr 3 971 168

NOTE 7: AVSETNING FOR FOND

	Saldo 2020	Avsetn. 2020	Saldo 2019
Avsetning til utbygging og utvikling	kr 2 000 000	kr -	kr 2 000 000
Avsetning til skadeforsikring planter	kr 1 000 000		kr 1 000 000
Disposisjonsfond	kr 1 700 000		kr 1 700 000
Forskning og utvikling	kr 3 000 000		kr 3 000 000
Sum	kr 7 700 000	kr -	kr 7 700 000

NOTE 8: SKATT

Troms skogselskap er skattepliktig for den delen av selskapet som omhandler utleiedelen.

Årets skattekostnad fremkommer slik:

	2020	2019
Betalbar skatt på årets resultat	kr -	kr -
Endring utsatt skatt	kr -	kr -
Årets totale skattekostnad på ordinært resultat	kr -	kr -

Betalbar skatt i årets skattekostnad fremkommer slik:

	2020	2019
Ordinært resultat før skattekostnad	kr (13 908)	kr 23 969
Anvendelse av fremførbart underskott	kr -	kr (23 969)
Endring i midlertidige forskjeller	kr -	kr -
Grunnlag betalbar skatt	kr (13 908)	kr -
Grunnlag formuesskatt	kr 14 863 166	kr 14 780 838
Skatt, 28% som utgjør betalbar skatt på årets resultat	kr -	kr -
Formuesskatt	kr 22 295	kr 20 553
Godtgjørelse på mottatt utbytte	kr -	kr -
Sum betalbar skatt på årets resultat	kr 22 295	kr 20 553

Spesifikasjon av grunnlag for utsatt skatt/utsatt skattefordel:

Forskjeller som utlignes:	2020	2019	Endring
Anleggsmidler	-250 072	-250 072	0
Varebeholdning	0	0	0
Fordringer	0	0	0
Regnskapsmessig avsetning	0	0	0
Underskudd til fremføring	0	0	0
Sum	-250 072	-250 072	0

Utsatt skattefordel (28%) kr -70 020 -70 020 0

Utsatt skattefordel er ikke balanseført etter god regnskapsskikk for små foretak.

NOTE 9: BANKINNSKUDD

Av selskapets samlede bankbeholdning er kr 316 062,54 sperret på konto for skattetrekk.

NOTE10: BANKINNSKUDD

Avsetningene i aksjer og andre veridpapirer er langsiktige og verken tap eller vinning er realisert.

NOTE11: LÅN I SPAREBANK1 NORD-NORGE.

Lån til utbedring av Skogbrukets hus, Andselv.

	31.12.	Avdrag	01.01
Rest lånebeløp	1 283 369	113 388	1 396 757

SKOGENS TILSTAND OG VEKST

Vêrtilhøva 2020

Vinteren vart mild og nedbørsrik med mykje snø og sein vår. Juni var varm og tørr, medan juli og august var litt varmare enn normalen og med meir nedbør. Middels vekstsesong. Mild haust med rekordvarm november. Snøfattig førjulsvinter, stort sett berrmark i kyststroka.

Ved årskiftet var det mildvêr med nedbør som snø og regn, og denne vêrtypen heldt seg utetter januar (9/1). med plusgradar og nedbør dei fleste dagane fram til midten av månaden. Etter ei litt tørr og kjølig veke fekk vi mildvêr og nedbør som sludd og snø - på innlandet mykje snø. Om morgonen 24. vart det målt 98 cm på Bardufoss, i Tromsø 92 cm. Medan det i Harstad var 40 cm den 26. og i Nordstraumen i Kvænangen 30 cm den 25.

Dei siste dagane av januar vart tørre og kalde. På vêrstasjonen på Bardufoss var det 28,5 minusgradar både den 26. og 27, medan det var -27,4 og -26,3 dei same dagane i Dividalen.

Februar var nedbørsrik og mildare enn normalt. Dei fleste dagane snødde det, innimellom lava det ned. Snøen sokk i hop, men med stadig påfyll auka snødjupna. (27/2). 1. mars var ho 128 cm i Tromsø, på Bardufoss flyplass 110, Bones 145 og i Harstad 78.

Same vêrtypen heldt fram utover mars, men dei hyppige snøfalla var lettare. Det var vanskelege driftstilhøve i skogen. (13/3).

Frå og med 22. mars kom nokre dagar med mildvêr og plussgradar, dag som natt. Nedbøren kom som regn. Så snødde igjen, og 31. mars var snødjupna på Bardufoss 106 cm.

Det tina sakte i april med eit par påfyll med snø. Snødjupna på Bardufoss vêrstasjon kom opp i 116 cm 11. april og var 79 cm den 30. Først i mai vart flekkar av berrmark synleg i sørvende egger og bratter, men det gjekk seint i ein kjølig mai med kuldegradar om natta.

Andsvatnet 2020 - sein isgang.



Andsvatnet – øse – 16. juni.



Andsvatnet – øse – 17. juni.

Det var ikkje store spenninga om det skulle verte snøfritt til 17. mai. Det vart rett nok den varmaste dagen til no i året – 11,0 gradar – med snødjupne rundt halvmeteren. Etter ei nokre varme dagar var det snøfritt den 26. Snøen rann unna – det var mykje å ta av oppover lier og fjordsider. Med utsikt til – og faregrad høg – for storflom, var det berre bra at det kom nokre kjølegare dagar innimillom. Juni hadde 9 dagar med over 20 gradar på vêrstasjonen på flyplassen, 20 av dagane var over 16.

Etter ein varm og tørr juni starta juli litt kjøligare og med litt vekstfremmande nedbør. Frå den 13. var dagtemperaturane på innlandet tett oppunder, eller over 20 gradar resten av juli, men med tre kjøligare dagar 21. – 23. juli med etterlengta regn. Varmvêret fekk vi frå Sibir (1/8). Det var same vêrtypen med same mønster over heile fylket.

August var litt varmare med mykje meir regn enn normalt. Midt i månaden kom det snø i fjella, og natt til 31, var det kuldegradar på innlandet - Bardufoss -0,5, Dividalen -4,4.

24. august kom det 42,3 mm nedbør på Bardufoss (normalen for heile månaden er 63 mm). Dividalen II målte 37,5 mm. Normalen for heile august er her 83 mm. Slike vassmengder, delvis som styrtregn, fører med seg graving og utrasing. Noko som ofte gjev seg utslag på skogsvegar.

September vart òg regnfull med nedbør opptil det dobbelte på enkelte stasjonar.

Mest kom det på stasjonar på Senja, Skjervøy og Nordstraumen i Kvæningen. I Tromsø var det regn 25 dagar denne månaden. Den 22. september hølja det ned fleir stadar, og det vart notert døgnrekord for septembervedbør på desse vêrstasjonane: Gausvik, Harstad 63,6 mm; Laukhella, Senja 41,3 mm; Botnhamn 75 mm; Bardufoss 30,2 mm; Holt, Tromsø 41,3 mm; Langnes, Tromsø 47,6 mm; Ytre Holmbukt, Tromsø 62,8 mm; Nordstraumen i Kvæningen 24,4 mm.

Månadstemperaturane låg 1 – 2 gradar over normalen. På Bardufoss var døgnmiddeltemperaturen over normalen i 27 døgn. Natt til den 13. vart haustens andre frostnatta registrert på Bardufoss vêrstasjon md -1° (2 m over bakken). I Dividalen vart det for same natt notert -3,5.

Ved haustjamndøgn var det kraftig vind, og stadvis gjekk mange tre overende, ofte med straumbrot som følgje.

«Frå 27. sept. vart det varmare.» Middeltemperaturen i oktober var 1 - 2 gradar over normalen og nedbøren ned mot det halve.

Snøen før nyttår

Om morgnen den 18. oktober var det kome eit tynt snødryss på Innlandet, ikkje målbart i låglandet, men aukande oppover liene. Siste dagen i oktober vart det målt 5 cm på flyplassen. Mykje snø vart det ikkje, og langt frå dei mengdene vi hadde for eit år sia. I låglandet var det storparten av tida eit lite, isate snølag. Skiføre var det litt opp i liene. Ved målestaven på Bardufoss flyplass var tredjedelen av dagane i november snøfrie. Største snødjupne denne månaden var 17 cm den 21. Snømengda i desember heldt seg på dette nivået ut året.

Ved kysten var det mykje berrmark, snø måtte ein opp i høgda for å finne. I Tromsø kom første snøen natt til den 17., og ved vêrvarslinga i Tromsø vart det målt 1 cm 21. oktober. Mest snø var det her i november, eit fleirtal av dagane i desember var snøfrie, og det var ikkje snø ved målestaven dei siste dagane av året.

November var ein av dei varmaste som er målt. Middelttemperature på vêrstasjonane var stort sett 4 – 6 gradar over normalen – Dividalen II med heile 6,7, Bardufoss 5,2 og Sørkjosen 4,9 gradar. På Torsvåg fyr på Karlsøya var månadsmiddelttemperaturen for november 5,4 gradar. Dette tangerer rekorden frå 1933. Nedbørsmengda var 10 – 40 prosent over normalen.

Det kom lite nedbør i desember, i kyststroka var det berrmark. Dei fleste dagane denne månaden var det plussgradar, og fleire stadar vart det særst tørt. I vêrmeldingane vart det meldt om fare for lyng- og grasbrann (daufynn) på slutten av året. Nokre stader fatna det i, til dømes vart det svidd av ca. nokre da i Mefjordvêr.

Ein nyttårsaftan av dei sjeldne utan nedbør, gradestokken rundt null og måneskin.

Vêrtabell 2020.

2020	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	ÅR
						TEMPERATUR							
Harstad	-0,2	-0,9	-0,6	1,3	5,1	12,0	13,5	12,3	9,0	5,6	4,2	1,0	5,2
Normal	-2,8	-2,6	-1,2	1,8	6,2	9,9	12,3	11,9	8,1	4,3	0,5	-1,9	3,9
Bardufoss	-4,6	-5,3	-3,2	-0,8	4,5	12,5	13,4	11,9	7,6	1,6	-0,3	-6,4	2,6
Normal	-10,4	-8,9	-5,4	-0,2	5,6	10,5	13,0	11,5	6,3	0,9	-5,5	-8,9	0,7
Tromsø	-1,5	-1,7	-1,8	0,0	4,4	10,4	13,0	11,0	8,3	4,2	3,0	-0,2	4,1
Normal	-4,4	-4,2	-2,7	0,3	4,8	9,1	11,8	10,8	6,7	2,7	-1,1	-3,3	2,5
						NEDBØR I MM							
Harstad	173	130	163	81	53	17	71	64	124	29	110	20	1034
Normal	85	80	65	50	35	37	53	58	80	110	97	100	850
Bardufoss	99	88	108	64	33	17	77	110	102	26	73	18	815
Normal	66	58	40	33	24	38	57	63	64	77	64	68	652
Tromsø	157	144	180	133	78	24	78	156	150	78	121	34	1335
Normal	95	87	72	64	48	59	77	82	102	131	108	106	1031
						SOLTIMAR							
Tromsø													
Normal	3	31,8	112,4	160,0	217,9	220,7	205,0	167,2	92,1	48,3	6,3	0	1264
						SNØDJUPNE CM							
						Snøfritt 1. juni.							
Tromsø	61	108	132	147	102				1	6	1		
Normal	60	82	94	91	29				5	18	40		
Største snødjupne	92	127	148	169	130				13	25	10		
Dato	24.	27.	21.	6.	13.				30.	22.	2.		

(Kjelder: Statistikk frå Vêrvarslinga i Nord-Noreg, DNMI – klimatologiske månadsoversikt, og egne oppteikningar)

Skogtilstanden

Om i fjor: Skogen sto grøn og fin gjennom vekstsesongen. Store område med høgreleggende lauvskog, og litt vanskeleg tilgjengeleg lauvskog, ber preg av alder og utglingning. Dei små naturlege furuskogane vi har, er mykje utsett for omdisponering til utbygging og oppdyrking. Desse areala er tydelegvis ettertrakta, og burde vere tatt betre vare på.

Det kjem kvart år nye planta areal til med granskog, men det er for lite. Mange fine middelaldra plantefelt blir for tidleg hogd. Det er trasig å sjå kulturskog i sin beste vekst blir meia ned til flisvirke når verdiveksten er sterkt tiltakande som følge av overgang frå massevirke til sagtømmer.

Skogens vekst.

Våren

Ved vårjamndøgn hadde hanraklane på oldra på nedsida av Skogbrukets hus synleg strekt seg. Olderkvistar med raklar som vart tatt inn 20.april, dryssa pollen dagen etter.

Frå april/mai ser vi at gåsungane vert sakte større. 17. mai var det 11 gradar. Det var første dagen gradestokken synte over 10 gradar sidan slutten av september.

Nasjonaldagen gjekk med snøheil mark og svart skog, men knoppene på rogn svulma opp og vi såg det grønne i knoppene på hegga. Det var kuldegradar om natta, så det vart ikkje særleg fart i tininga. Men det vart varmare etter nokre dagar, snøen minka og utviklinga i skogen var merkbar. Gåsungar og spreidde bjørkeknoppar fekk farge, og lerketre stod med grønskjær.

På ein tur ned til Måselva 31. mai var det så mykje grønt bjørkelauv at ein mest kunne seie at skogen var grøen. 1. juni var det over 20 varmegradar, og no var det ialfall ikkje tvil lenger om skogen var grøen – så dagen for grøen skog i låglendet på innlandet vart sett til 1. juni.

Utviklinga gjekk fort, skogen grøenast oppover liene òg i lågreliggjande flatmark og nordhellingar. Før månadsskiftet var det strekk i toppknoppene på furua, bjørkeraklane vaks og første heggeblomstrane var framme 9.juni i Fagerlidal, og grana følgde sakte på med sine gule sideskott.

Elver og bekkar gjekk flomstore (10/6)

Det var mykje snø å ta av. I solhellingar og bratt lende var det berrmark, men på flatene eit par – tre hundre meter opp var det stort sett berre på rabbar, haugar og tuver det var avbera. Innover mot Andsfjellet 14. juni var marka stort sett snødekt, men bjørka sto grøen, mange stader i over ein halv meter med snø, til om lag 500 moh, og gauke gol i grøen skog på snødekt mark.

I dei varme junidagane gjekk utviklinga fort. Midt i månaden var lauvet kome langt, toppskota på grana braut fram, rogn var i blomstring den 16. Andsvatnet var isfritt 17. juni. Furua blomstra rikt med pollenfall ved jonsokleite. Juni vart ein god vekstmånad: Det var lite nedbør, men den seine snøsmeltinga heldt jordråma oppe. Skogen var grøen og frodig.

Middels toppskott på grana nedanfor Skogbrukets hus var 8 – 10 cm i månadsskifte juni/juli. Etter påfølgande veke med litt lågare temperaturar var strekningsveksten godt i gang. Middels vekst.

Haust.

Skogen står grønn og frodig. På innlandet var det svakt skimtande haustfarga den 7. sept, og godt synleg den 12. Før den 18. september var det mest ikkje fare noko lauv, men frå no og ei veke framover var det regn og mykje vind med storm i kasta. Da elgjakta tok til 25. september var mykje lauv foren, og ospeholta på innlandet sto avlauva. I månadsskiftet var det snautt opp i lia, men enno ein god del i låglandet. Nokre dagar ut i oktober var bjørka avlauva.

Notat om vår og vekstsesong i Sørfylket ved Leif Evje.

Vekst.

Det var lite tele i bakken, så mange bekker gikk åpne hele vinteren. Det ble uvanlig mye snø, litt opp i høyden blei det på det meste mellom 2 og 2,5 meter på åpen mark. Og det gjorde det i høyden ble liggende snø uvanlig lenge.

Noen dager med mildvær, kraftig sydvest vind og regn gjorde at en del av markene langs fjæra ble bare 24. mars.

Gåsunger begynner å springe ut på selje i Eldeskogen 26.03.
De neste dagene la det seg 40-50 cm snø igjen.

01.04. lå det 2,4 m snø ved Lysvatn i Kvæfjordmarka, 250 moh.

Første del av april økte snømengden i marka opp til 3 m ved skoggrensa. Kraftig vind flere dager på rad rev av mye kvist og greiner i fjellskogen og der skogen var svekka av tidligere lauvmakkangrep.

Sist i april tinte det sakte i lavlandet og ble en del barmark. Litt opp i høyden smelta det nesten ikke mer enn det kom som nysnø.

2. mai var det synlig sprett i knopper på rogn i lavlandet.

Fra 6. og fram til 14. mai var det daglig snøbyger som la seg helt ned til fjæra og med nattefrost.

Fra 17. mai ble det en del sol og spiring av gras. 20.mai var det synlig grønnskjær i bjørkeknopper og 4-5 cm store blad på enkelte rognetrær.

23. og 24. mai blei det temperaturer på 15- 18 grader og det satte fart i veksten og enkelte bjørker fikk "museøre-lauv". Lerketrær fikk lysegrønne nåler i løpet av disse dagene. Gode temperaturer og vind satte fart på snøsmeltinga også i høyden der det fortsatt lå rikelig med snø.

Mange kvæfjæringer kom i gang med potetsetting 24. og 25. mai.

1. pinsedag, 31. mai ble det sol og varme etter et par regnværsdager. Bjørka i lavlandet fikk fullt utsprunget lauv, så neste dag stod det grønn skog til oppimot 200 m høyde over havet. På enkelte sørvendte graner kunne en se at endeknopper hadde svulma opp, men ennå ingen vekst.

Tining går greit siden det omtrent ikke er tele i bakken. Skiløypene i Borkenesmarka ble oppkjørt for siste gang 30. mai. Da var det ennå 1,5 m snø ved Lysvatn og 2,0 m i Koven, på 400 moh, så det har minka ca 1 meter siden maksdybden tidlig i mai.

3. juni blei det lauvsprett på noen ospetrær.

8. juni startet strekningsveksten på enkelte grantrær i lavlandet.

22. juni var de pollenfall på furu

Sist i juli står skogen grønn og frisk. Det er svært lite tegn til skadeinsekt eller soppskader på lauvskogen. Bra strekningsvekst på barskogen. Sommeren har hatt gode vekstforhold med fin blanding av nedbør og gode temperaturer.

15. og 16. august var det kuling med enkelte sterke vindkast. Vinden rev av en del lauv og enkelte nye årsskudd.

20. september hadde skogen fått høstfarger. De neste dagene kom det mye regn og vind med storm i kastene. Det satte fart på lauvfall. 22. og 23. september la det seg snø på fjelltoppene og ned til 6-700 moh.

Ny kortvarig sydvest storm om kvelden 23. september tok mye lauv og kvister.

Natt til 27. september var første nattefrost helt ned til fjæra.

12. oktober var det bare litt bjørkelauv igjen i lavlandet, og en del lauv på selje og enkelte ospetrær.

17. oktober la snøen seg ned til 150 moh. Kuldegrader de neste dagene.

23. oktober la det seg snø helt ned til fjæra.

Skadar på skogen

Lite skadar på skogstrea. Skogen var grønn og frodig heile vekstsesongen.

Sørfylket: «Ellers ble det ikke observert noen omfattende skogskader hverken av insekter eller sopp.» (L.E.)

Insekt

Lauvmakk. Skadar ikkje observert. På turar opp mot Andsfjellet var det ikkje lauvmakk å sjå. Mykje skrantane og dau skog opp i høgda og på svakare marktypar etter åtak tidlegare år.

Stor lerkebladveps. I «Skogskadar på internett» er det registrert stor lerkebarveps i Tromsø by. I 1985 vart eit lerkefelt på Langnes i Kåfjord sterkt angripe av stor lerkebarveps. I følge NISK var dette den nordlegaste førekomsten som var registrert i verda til da. (TS 1985, s. 42).

Smågnagarar

Vånd. Våndbestanden hadde knekt i hop, og med einiskilde unntak, som i Fagerfjellet, var det stort sett lite å sjå til han i potetlanda.

Sørfylket: «Ut over sommeren og høsten var det tydelig oppgang i smågnagerbestandene. Men usikkert hvordan de klarte seg i den lange perioden med frost og lite snødekke.» (Leif Evje).

Storm

Stormskader. Om kvelden 23. september var det en kraftig sydvest storm. Det blei en del rotvelt og stammebrekk særlig på frittstående trær. Så ut til at stormen klarte å knekke en del toppskudd i utsatte granfelt. (L:E)

Ein del spredte vindfall etter stormen sist i september både av furu og lauvtre på Innlandet.

I årsmeldinga frå Målselv står det: «I hele 2020 er det gjennomført flere oppryddingshogster etter toppbrekk på furu. Toppbrekket skjedde i november 2019. Flere tynnete furubestand fikk hard medfart. Det var spesielt på Middagsmoen, Molundmoen og Bjelmamoen der skadene har vært størst. Det var også spredte toppbrekk på andre moer. Oppryddingen ble delvis finansiert ved hjelp av driftstilskuddene i forbindelse med Covid-19.»

Skogtreas blomstring og frøsetting

Bartre

Furu

Mykje god blomstring på furu i Målselv og Bardu. Pollenfall 23. juni.

I Fisktjønnlia i Fagerlidal var det god blomstring 28. juni, men ikkje pollenfall innil da.

Svak tilgang på 2-årige konglar på furua, men bra på nokre tre.

Gran

Ingen blomstring på grana.

Sørfylket: «I månedsskiftet februar mars var det stort frøfall av gran fra kongler produsert i 2019. Noen dager med kraftig vind sørget for god spredning. Nær eldre felt med mye kongler lå det flere frø pr m² på nysnøen.» (Leif.Evje).

Lauvtre

På Innlandet var det mest ikkje blomster å sjå på bjørka. Ved Skogbrukets hus var det blomster på nokre få bjørker.

Sørfylket «Enkelte bjørker hadde rikelig med frø i 2020.» (L.E.)

Hegg – god blomstring. Første registrert ved Andselv 9. juni. Lite bær.

Rogn – middels blomstring frå 16. juni, men mange tre vart utan bær:

Older – middels blomstring utetter mai (sjå under kapitlet «Våren»).

Blomstring (rapportert frå skogfunksjonæraane):

	Sanke- område Høgde- lag	Dato for pollenfall Gran	Blomst- rings- styrke Furu	Tilgang på konglar			Merknader
				Gran	Furu	Andre treslag	
Distrikt I	W/Y-1	-	-	1	1	Dunbjørk 2	Harstad Pollenfall furu
Distrikt II	X-1	-	-	-	-		
Distrikt III (Målselv og Bardu)	X/Y-1	-	3	0	1	Dunbjørk 1 Rogn 1 Hegg 1 Older 1	Pollenfall furu 23.06.
Distrikt IV Lenvik	Z-1	-	-	-	-		
Distrikt V	Y/X	-	-	-	-		
Distrikt VI	Z/X-1	-	1	1	1		Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy Nordreisa
Distrikt VII	X-1	-	-	-	-		

Kode: 0: ingen, 1: dårleg (svak), 2: god, 3: mykje god, 4: svært god. -: ikkje registrert.

Frøsanking.

I mai vart det sanka 40,5 kg konglar i Målselv: 15 kg på Alapmoen og 25,5 kg i Kjervelvia, sjå årsmelding 2019. Store snømengder hindra både hogst og kongleplukking.(sjå TS 2019).

Av desse 40,5 kg med konglar vart det 0,324 kg med frø. I stambrevet frå Skogfrøverket tar vi med desse analyseresultata:

Spirehastighet 7 dagar %	Spirt 14 dg %	Spireevne 21 dagar %	Friske ikkje spirte frø %	Abnorme spirer %	Daude mata frø %	Tom frø %	Levande frø pr. kg
90	91	91	2	3	4	0	157 000

Tusenkorvekta er 6,11 g – antal frø pr. kg 163 500. Talet på levande frø pr. kg var 157 000. Frøpartiet fekk nr. F20-007 og pris pr. kg frå frøverket var 13 000 u/mva.

Skogsbær

Molte

Litt ujamnt, men eit godt molteår, særleg litt opp i lendet.

Snøen låg lenge, og våren vart sein. Molta blomstra rett etter avtining. I midten av juni var det bra med blomster i kystnære område. I indre strom låg det da enno rundt ein halvmeter med snø på dei flate myrene litt opp i høgda. I månadsskiftet juni/juli var det meste avbert, og det vart stort sett god blomstring, og molta mogna raskt. Sibirvarmen hjelpte nok godt på med ein åtte – ti varme dagar på kvar side av månadsskiftet juli/august.

Observasjonar rundt i fylket

Sørfylket: «Stedvis veldig bra med molte, særleg i lavereliggende områder, men også på plasser som hadde mye bær i fjor. Jamt over fin kvalitet, men oe steder var det litt sorte flekker og noen steder hang det igjen rester av kronblad på bærene. Bærene ble modne ca 2 uker senere enn normalt, trolig pga snø som ble liggende lenge mange steder. I høvfjellet var det en del molte som ikke rakk å modne.» (Leif.Evje.).



Molte - Målselv 310 moh 15. Juli 2020.

«God blomstring. Mykje av den første karten tørka bort. Bra seinare, men under middels». (Kristian Karlsen om nedre del av Målselv).

«Plukka dei første litrane på 450 meters høgde i Dividalen 27. juli» (Geir Kvammen).

«Rikeleg med molte i Svandalen» (Oddvar Brenna).

«Godt ned mote, men måtte litt opp i lende. Plukka 40 – 50 kg over 300 m. (Viggo Johansen, Skibotn).

Tyttebær og blåbær.

Eit bærår under middels.

Førekomstane av blåbær og tyttebær er avhengig av aktivitet i skogen som hogst, skogkultur og beite.

«Ikkje så mykje blåbær, men brukande i opningar og opp i skogbandet. Lite tyttebær, for lite hogst og rydding».

Sørfylket: Det ble også et godt år med blåbær, men litt under middels for tyttebær. (Leif Evje).

Matsopp


Eit bra soppår. Litt seint, men etter dei varme dagane rundt månadsskiftet juli/august kom det nokre nedbørsrike dagar utetter august som truleg gjorde godt for soppausten.

Fra midt i august ble det en god del sopp i marka. (Sørfylket L.E.)

I Målselv var det bra med kantarell, men atskilleg mindre enn året før. Mykje piggsopp i fleire av plantefelta. Fann eit par sjampinjongar i eit eldre granplantefelt i Fagerlidal.

VILT - SKOG

Elg



I år vart det felt 1738 elg i Troms mot 1574 i 2019.

Tala er frå Statistisk Sentralbyrå. (ikkje endeleg statistikk pr. 12.juli).

I år er den tidlegare Tjeldsund kommune med i tala for Troms. Tjeldsund i Nordland og Skånland i Troms vart slått saman til ein kommune med namnet Tjeldsund i 2020. Kommunen høyrer med til Troms.

I åra 2014 – 2018 vart det i gjennomsnitt skote 35 elg årleg i den gamle Tjeldsund kommune. Dette er mellom 1,7 og 2,6 prosent av totalt skotne elg i daverande Troms fylke. Felt elg i Tjeldsund i desse åra var dryge halvparten av felte elg i Skånland. I år vart det skote 139 elg i det samanslåtte Tjeldsund. Dette utgjer 8 prosent av felte dyr i det grensejusterte Troms.

Målselv

I årsmeldinga frå skogetaten i Målselv er tildelte og skotne elg oppgjeve Det ble i 2020 tildelt 364 elger og av disse ble 286 felt, dette gir en fellingsprosent på 78,6 %.

Avgang av hjortevilt utanom ordinær jakt

Registrert avgang av hjortevilt utanom ordinær jakt for heile fylket finn vi hos Statistisk Sentralbyrå for det einskilde jaktåret. Jaktåret går frå 1.april til 31. mars året etter.

For jaktåret 1.april 2020 til 31. mars 2021, er det registrert 140 (188) avgang av elg i Troms, derav 36 (81) drepne, eller avliva, etter påkøyrse av motorkøyrerøy. Tala for året før (1. april 2018 – 31. mars 2019) i parentes.

Målselv har tal for kalenderåret 2020 (Årsmelding Skogbruk, Målselv kommune):

«Det er registrert 28 fallvilthendelser i 2020:

Elg: 13 elg ble påkjørt, der 9 av dyrene måtte bøte med livet, resterende 4 ble friskmeldt etter ettersøk. 8 andre elger er avlivet/registrert omkommet av andre årsaker, 5 er friskmeldt etter ettersøk.»

Rådyr: Sjå lenger ned.

Beite- mattilgang

Vinteren 2019/2020 var hard for elgen. I dei nær sagt ekstreme snøtilhøva førjulsvinteren, sokk elgen til botns i dryge 1 meter laussnø. Ut etter vinteren berre auka det på. Så seint som midt i mai var det innpå 1 meter med snø på planteskolen og 130 cm i Tromsø.

Det var tungt for elgen å ta seg fram. Forinntaket vart mangelfullt, og ein del dyr, særleg årskalvar, strauk med. I avisene er omtalt ihelsviltne elg både i kyst- og innlandsstrok.

Førjulsvinteren 2020 var snøfattig. I kyststroka var det for ein stor del snøfritt. For elgen var det lett å ta seg fram, han var tydelegvis godt spreidd i terrenget for det var lite elg å sjå.

Tiltak i elgforvaltinga

Tilskott frå fylkeskommunen

«Fylkesrådet fordeler 1,12 millioner (kroner) til vilttiltak i fylket. Midlene er rettet mot økt verdiskaping og oppbygging av kunnskapsgrunnlaget for forvaltningen av de høstbare viltressursene» (Pressemelding april 2020)

I år fekk 21 tiltak støtte. Målselv og Storfjord fekk tilskott til førebyggjande tiltak mot elgpåkøyrslar

Prosjekt - Forebygging av viltpåkøyrslar i Målselv kommune 2020

«Prosjektet har tatt utgangspunkt i registrerte ulykke mellom kjøretøy og hjortevilt og gjennomført siktrydding i områdene. Det har i løpet av høsten/sein høsten blitt siktryddet skog i delmålområdene

Buktamoen – Karlstad og Kirkesnesmoen – Skjeggnesbrua.

Totalkostnaden var kr. 191 565,-. Det ble mottatt tilskudd fra Troms Fylkeskommune - Samferdsels- og miljøetaten (kr. 120 000,-), samt fra det kommunale viltfondet (kr. 30 000,-).» (Årsmelding skogbruk, Målselv kommune 2020).

Viltskremsel/skilting ved veg

Statens vegvesen held fram med sitt arbeid for å unngå viltpåkøyrslar. Av tiltak som er i bruk, og som utviklast vidare er skilting, refleksar og blinkande lys (sjå tidlegare årsmeldingar (2019)).

Rådyr

Rådyra sleit nok med dei stor snømengdene vinteren 2019/2020, tungt å kome seg fram til mat og vansker med å stikke unna rovdyr. Ein må rekne med at det var nedgang i talet på dyr i dei spreidde førekomstane rundt i fylket.

For jaktåret 1.april 2020 til 31. mars 2021 (SSB), er det registrert 9 (9) avgang av rådyr i Troms, derav 5 (5) påkøyrd av motorkøyrretøy. Tala for året før (1. april 2019 – 31. mars 2020) i parentes. Dei 9 dyra er rapporterte i kommunane Målselv med 4, Dyrøy 1, Senja 3 og Nordreisa 1.

I årsmeldinga for skogbruk i Målselv står det for kalenderåret 2020: «2 rådyr ble påkjørt, der 1 av dyrene måtte bøte med livet, resterende 1 ble ikke funnet.»

Småvilt

Skogsfugl, rype.

Lite skogsfugl.

Rype.

Snørik vinter, og sein vår.

Det var lite ryper i haust. Det synta òg dei tellingane som er utførde. Med bakgrunn i desse tellingane vart ein del jaktomåde stengt både på privat og statleg grunn.

Sørfylket: Det ble et år med stor lokal variasjon i rypebestand. Jamt over var det relativt store kull, men langt mellom kullene noen områder. Orrfuglbestand var nok under middels. (Leif Evje).

«Lite rype, liryper fråverande. Har ikkje jakta dei siste to åra på grunn av svake stammar». (Viggo Johansen, Skibotn).

Hare

Harebestanden held seg bra oppe. Mykje snø og nedbøying av osp og selje la vel til rettes for mattilgangen.

Kvæfjord: «Harebestanden er stor i hele kommunen. Revebestanden er fortsatt kraftig redusert i forhold til tidligere år.» (Leif Evje).

Ut over sommeren og høsten var det tydelig oppgang i smånagerbestandene. Men usikkert hvordan de klarte seg i den lange perioden med frost og lite snødekke. (L.E).

Rovvilt

I Målselv er skogmeisteren tillagt oppgaver i rovviltforvaltning:

«Skogmesteren fungerer som kontaktperson i Midt-Troms Interkommunale Skadefellingslag. Skogmesteren arrangerte 1 skytesamling (20.august på sentralskytebanen Andselv) der deltakerne fikk trent skyteferdigheter.

Skytesamlingen besto av varierte skyteøvelser på bevegelig og stillestående mål, på skytebane og jaktsimulator.

Prosjektets totalkostnader ble kr. 70 311,- Prosjektet har fått støtte fra Fylkesmannen i Troms og Finnmark på kr. 50 000,-« (*Årsmlding 2020 Skogbruk, Målselv kommune*).

AREALFORVALTNING.

I 2020 ble kommunene Berg, Torsken, Tranøy og Lenvik slått sammen til Senja kommune. Også kommunene Skånland og Tjeldsund er slått sammen til Tjeldsund kommune. Statistikken er utarbeidet for kommunene i tidligere Troms fylke.

Omlegging av skogsmark til annet formål.

Tallene er hentet fra KOSTRA-rapporten for 2020. Tall for 2019 står i parentes.

Deling:

I 2020 er det i 19 (21) kommuner, fremmet til sammen 166 (254) søknader om deling av landbrukseiendommer. 150 (232) søknader er innvilget, og 16 (22) søknader avslått. 16 (16) søknader gjelder deling med formål tilleggsjord til andre landbrukseiendommer.

Nydyrking:

Etter forbudet mot oppdyrking av myr, foregår all nydyrking på skogsmark. I 2020 er det i 9 (10) kommuner fremmet 42 (40) søknader om nydyrking av 1278 (1190) da. 1 (1) søknad er avslått og 41 (39) innvilget. Til sammen er det omlagt 1202 (1180) da skogsmark til nydyrking.

Omdisponering:

I 2020 er det i 17 (17) kommuner behandlet totalt 76 (122) søknader om omdisponering etter jordloven. 72 (106) søknader er innvilget og 4 (16) søknader er avslått.

I KOSTRA rapporteres det om omdisponering av dyrkbar jord som omfatter både dyrkbar myr og dyrkbar skogsmark. I all hovedsak omhandler søknadene dyrkbar skogsmark.

Totalt er det omdisponert 1820 (203) da dyrka og dyrkbar jord i 2020, herav 444 (90) da fulldyrket jord og 1376 (113) da dyrkbar jord. Arealene er behandlet og godkjent etter jordloven og etter plan- og bygningsloven. 59 (77) da dyrkbar mark er omdisponert i medhold av jordloven og 1316 (36) da er omdisponert etter plan- og bygningsloven. I tabellen er dette slått sammen.

Tabellen viser hva den dyrkbare marka er omlagt til:

Totalt antall da	Boliger	Hytter	Grustak	Off bygg	Golf/grønnst	Annet	Samferdsel	Næringsbygging
1376 (113)	11 (31)	22 (15)	0 (0)	1 (0)	293 (0)	298 (54)	696 (8)	55 (5)

Konsesjon.

I 18 (21) kommuner er det til sammen behandlet 164 (176) søknader om konsesjon i 2020. Av disse er 81 (78) søknader innvilget uten vilkår og 81 (94) søknader innvilget med vilkår. 2 (4) søknader er avslått.

I 2020 ble det fremmet og innvilget 4 (5) søknader om fritak fra driveplikt. Alle ble innvilget.

Planarbeid

Fylkesmannen har i 2020 hatt møte og drøftinger med kommunene Harstad, Senja, Kvæfjord, Balsfjord og Karlsøy om kommuneplanens arealdel, herunder landbruksinteressene.

Fylkesmannens har vurdert alle innkomne planer i ulike faser av planløpet - varsel om oppstart og offentlig ettersyn, og avgitt en landbruksfaglig uttalelse der landbruksinteressene blir berørt. Totalt har Fylkesmannen behandlet 4 (4) ulike kommuneplaner og 243 (263) reguleringsplaner. Tabellen viser antall planer hvor landbruksinteressene er berørt.

Kommuneplaner		4	(4)
Reguleringsplaner		139	(37)
	Boliger	34	(5)
	Hytter	9	(5)
	Grustak	7	(0)
	Industri	34	(3)
	Turistanlegg	17	(11)
	Veger	13	(7)
	Annet	25	(6)
Andre planer		0	(0)

Sum		143	(41)

Noen planer er behandlet flere ganger; ved oppstart av planarbeidet og ved høring av planutkastet.

I år er det fremmet 895 (829) søknader om dispensasjon fra kommuneplanens arealdel etter plan- og bygningsloven. 22 (4) av disse berørte skogsmark. Dispensasjonssøknadene fordeler seg slik:

Bolig	10	(2)
Hytter	6	(1)
Grustak	0	(0)
Industri	2	(0)
Annet	4	(1)
<u>Sum</u>	<u>22</u>	<u>(4)</u>

Vedlegg 1 – TS 2020

Historisk tilbakeblikk på skog og skogbruk i Harstad/Sør-Troms

Situasjon 80 -100 år (tilsvarende et omløp) tilbake.

Utgislisna skoger og snaumark:

1. Beite og slått i utmark

2. Like viktig var brenselbehov. Strømnett lite utbygd. Oppvarming og koking basert på ved og kull/koks. Torving utbredt for å supplere. Var vesentlig mer arbeidskrevende enn vedproduksjon, men nødvendig for å skaffe brensel. Koking av for til husdyr. Oppstod for skille mellom vinterved, sommerved, risved.

Usikre tider gav usikre forsyninger av kull. Harstad by sikret seg med å kjøpe opp torvmyrer på Finnseter i Godfjorden og skogeiendom Klauva på Senja.

3. Forbruk av emnevirke. Gjerdestaur og hesjestaur fra nærliggende ungskog. Sørga for ryddige jordekanter.

Anlegg av Fredskogsfelt: Freding mot beite, derfor krav om inngjerding. Ble også anlagt felt for å få opp naturlig lauvskog. Fungerte som eksempelfelt. Første felt anlagt i Harstad 1912. Mange nye i 30- årene. Planting pågikk som regel i flere år. Unntak Bjarkøy med hel båtlast planter. Kjeøy etter brann.

Krigsårene. Omfattende favneveddrifter, både til krigsmakten og sivile. Økt etterspørsel etter evakuering høsten 44.

Skogreising og ressursoppbygging passet sammen med øvrig gjenreisning av landsdelen. Rasjonering av byggevarer viste behovet for lokale ressurser. Passende arealer etter vedhogster. Godt organisert, herredsskogmester Reidar Pettersen, pådriver for å utarbeide og vedta skogreisingsplaner. Dyktige skogreisingsledere ble ansatt. Lokal tilknytting i alle Sør-Troms kommuner. Kunne spille på lokalkunnskaper.

Lokal plateproduksjon Ervik og Vik og Straumen i Kvæfjord. Organiserte plantegjenger med gode ledere, mange i sommerjobber. I deler av Skånland var det større andel planting med egen familie. Motivert av å skaffe kontanter.

Stor aktivitet 50, 60 og 70 årene. Nedadgående planting neste 10 år til stopp i 2003. Økt organisert ungskogpleie, fikk samme stopp.

Sponplatefabrikk i Sørreisa klar 1972. Stor interesse for å hogge og levere. Lang avstand gav stadige problem med sein innkjøring oppgjør til skogeier, og interessen avtok. Bygde opp lokalt marked for ved. Mange små og mellomstore produsenter og

mange sjølhoggere. Påvirka av strømpriser og varmepumpe som ble mer og mer vanlig også hos de med god tilgang på ved.

På 80-tallet var det vanlig med frykt for å bli fri for vedskog. Jfr. skogsveger. Stolte på arealtall men ikke på volum stående og tilvekst.

Skjer endringer i holdninger med nye generasjoner skogeiere. Har skog men ingen annen drift på eiendommen. Påvirkes av miljødebatten, der skogbruket ofte taper med sitt budskap.

Evne/vilje til langsiktig tenking blir mindre. Mulig inntekt om 30 år betyr lite i forhold til å få noe i dag. Granskog kommer i miskreditt.

Etablering av fjernvarmeanlegg medførte for tidlig hogst og avskoging. Lite gjenplantning. Hogd også en del lauvskog. Klimagevinsten ved fjernvarme delvis borte ved redusert CO2 binding, lokalt. Går glipp av mye sagtømmer.

Fredsskogsfelt og forsøksflater viser og dokumenterer hva som er praktisk mulig å oppnå med å satse på rett treslag og skjøtsel.

Velegg 2 – TS 2020

Plantosal 2001 – 2020 – Bardufoss planteskole

År	Treslag							Sum
	Gran	Lutzii	sitka	Fjell- edel- gran	Furu	Sib. lerk	Låglands- bjørk	
2001	1 243	6		9	404	42	0,5	1 704,5
2002	775	3		5	366	60		1 209
2003	132	3		1	62	5		203
2004	49			1	14	0,5	0.06	64,56
2005	31			2	1	2	0,25	36,25
2006	55			1	69	8	0,12	133,12
2007	59			3	99	9		170
2008	248			7	186	14		455
2009	334	5		4	168	6		517
2010	197	6		2	28	8		241
Sum								
2000 - 2010	3 123	23		35	1 397	154,5	0.93	4 733,43
2011	347			5	108	2		462
2012	236	4	1	1	129	5		376
2013	364	2	1	2	182	8		559
2014	582			1	105	2		690
2015	267			2	76			345
2016	395			2	88			485
2017	334			1	96			431
2018	298			1	136			235
2019	275				44	1		320
2020	324				66			390
Sum 2011 - 2020	3 422	6	2	15	1 030	18		4 493

Vedlegg 3 – TS 2020

Skriv av 5. aug. 2020 fra professor Halvor Solheim, NIBIO – en kort orientering om prosjektet som innebar innsamling av barkbiller blant anna i Troms.

«Når det gjelder blåvedsopper assosiert med barkbiller er jeg med på 2 nye artikler. Den ene* beskriver 7 nye arter innen ei slekt som heter *Graphilbum*. Tre av de nye artene er fra Polen, tre fra Norge (en av de også fra Polen) og en fra Russland, fjerne østen hvor jeg var så heldig å få være med på ekspedisjon. To av artene fra Norge, ble bare funnet i Norge.

Arten *Graphilbum acuminatum* er den vanligste vi fant i Norge (og vanlig i Polen). Den ble funnet både i sør og nord. Den ble funnet på Molundmoen i Troms og ved Karasjok nær sentrum. *Graphilbum sexdentatum* ble bare funnet på *Ips sexdentatus* som bare ble samlet nær Drøbak i Frogn kommune. Synd vi ikke fant denne billearten i Nord-Norge.

Gr. furuicola var sjelden, men ble funnet i Alta (Stengelse) og i Rendalen og Frogn i Sør-Norge.

To andre arter som er sjeldne ble også funnet i Norge, *Gr. sparsum* (funnet i Nord-Trøndelag) og *Gr. crescericum* som ble funnet i Alta (Vinabakkene, Otermoen, (Porsanger) og ved Bardufossen i Troms, foruten noen få steder i Sør-Norge.

Jeg har kommet igjennom rundt halvparten av materialet så det vil bli noen flere artikler. Og jeg er utrolig glad for den jobben som ble gjort i Nord-Norge. Noen innsamlinger beskrevet her ble gjort sammen med Terje og Geir (og Tor Håvard), så om dere videresender artikkelen til dem hadde det vært fint.

Den andre artikkelen** som jeg er medforfatter på gjelder bare sopper som er funnet i Polen. Jeg har et utmerket samarbeid med en polsk kollega. Vi har 3 nye artikler på gang, en om soppene assosiert med *Ips acuminatus*, en annen om arter isolert fra noen mer sjeldne barkbiller, blant annet *Pityogenes saalasi* og den tredje om funn innen soppselekta *Geosmithia*.

Så jeg er utrolig glad for hjelpen jeg fikk fra dere i nord.»

Halvor Solheim

* Seven new species of *Graphilbum* from conifers in Norway, Poland, and Russia
Robert Jankowiak , Halvor Solheim , Piotr Bilański , Seonju Marincowitz & Michael J. Wingfield

** Two new species of Ophiostomatales (Sordariomycetes) associated with the bark beetle *Dryocoetes alni* from Poland
Beata Strzałka, Robert Jankowiak, Piotr Bilański, Nikita Patel, Georg Hausner, Riikka Linnakoski, Halvor Solheim